

Landbruksministeren til Suldal

Tysdag blir det storfint besøk i eit suldalsfjøs.

Esther Moe

Måndag denne veka var det mest så ordforar Torkel Myklebust kunne begynna å ta innover seg at han smart får ministerbesøk.

Ordføraren legg ikkje skjul på at det har vore mykje fram og tilbake for planane om å kunna ta imot landbruksministeren.

– Me har arbeidd med det lenger, og så blei det minister-byte, men nå trur eg me der, ler Myklebust.

Fjos og mat

Trygve Slagsvold Vedum blei landbruksminister i sommar og har tidlegare også vore parlamentarisk leiar for Senterpartiet.

tiet. Når han nå tysdag kjem til Suldal, blir det ein snarvisitt, for også andre delar av Rogaland skal ha besøk.

– Men me er veldig glade for at han kjem til indre Ryfylke og Suldal, for det er viktig å få vist og sagt at landbruksgaland er meir enn Nord-Jæren, understrekar ordføraren som ser at tidsplanen skal halda hardt, men som har ein plan om både fjosbesøk og lunsj.

– Med berre eit par timer til rådvelde, må me velja ein gard som ikkje ligg for lang vekke, og då er det naturlig å tenkja Ole Martin Eikeland, som også er lokallagsleiar for bondelaget. I tillegg reknar me med å ha ein lunsj med inviterte gjester frå nærlinga etterpå på Kulturhuset, fortel Myklebust.



Trygve Slagsvold Vedum kjem snart til eit fjøs i Suldal.

Tysdag føremiddag kunne reisande kjøpe nettbillettar fra nettsida til Kolumbus.

Rett frå nett

Endeleg er det muleg å kjøpa billett til hurtigbåten mellom Stavanger og Ryfylke på nett.

Arne Vestbøstad

Det er nå nesten 3,5 veker sidan direktør Odd Aksland lova at måndag var starten på ein ny æra for billettsalet på båten. Så glatt gikk det ikkje. Omrent eitt døgn førseinkoma kom billettportalen på nettet.

Grunnen til forsinkinga er ifølgje direktør Odd Aksland innkjøringsproblem i samband med å leggja ut løysinga på nett. Men nå fungerer tenesta som venta.

– Det byrjar å renna inn med bestillingar. Men har også opna ei luke på Fiskepir-

terminalen, der dei reisande kan få hjelp til å bruka nettløysinga, fortel Aksland. Etter at betalinga er gjennomført, blir billetten sendt til e-posten som kunden legg inn, klar til utskrift.

Betrar oversikta

Dette ikkje alle stoppestader ein får kjøpt billett frå, som til dømes Sand. Hovudpoengen for Kolumbus har vore å få noko av billettsalet over på nett, for å få oversikt over talet på dei reisande på somme kritiske avgangar, som båten 16.45 frå Stavanger. Den blir ofte full, men med billetsal på nettet har Kolumbus større kontroll på om den blir full, og eventuelt kan auka kapasiteten på avgangen.

Hektisk program med åtte framsetningar i sju statar og djupdykk i arkiva, har vore hovudgrediensane dei sistekvane for Anne Elisebeth Skogen og Ernst Berge Drange.

Marta-Brit Lunde

Anne Elisebeth Skogen er i desse dagar i USA på turné med forteljarmframsetninga With Restoration through Hell Gate to the Promised Land. I tillegg er ho i full gang med planlegging av ei ny forteljing om livet til slooperane, familiene som emigrerte i sluppen Restoration, som for dei fleste har vore ukjende.

Drange har også fått løyst opp knuten i ei gammal slektsgate om ein grandonkel som forsvann kring 1900. Det vender heim att med svar, kanskje nye spørsmål, men ikkje minst sandkorn til nye historieperler.

Historier og bilde
Ho har leita, lest og tolka gamle dokument

På turné i junaiten



Ernst Drange på leit etter flere opplysningar om emigrantekipet Restoration.
Foto: Anne Elisebeth Skogen.

Anne Elisebeth Skogen er denne månaden på forteljarturné med åtte framsetningar i sju ulike statar rundt om i USA. Her fra framsetninga i Chicago.
Foto: Ernst Drange.

ment funne på ulike museum og samlingar rundt omkring i midtvesten, og har i dette arbeidet god assistanse av mannen Ernst.

Det har vore viktig for Skogen å sjå,

gå og kjenna på stader der desse familiene slo seg ned og levde.

I New York har Historical Society,

museum og bibliotek blitt flittig besøkte. Her har Drange vore den som har gjort hovudarbeidet med Skogen som medhjelpar. Dei har funne nye opplysningar om båten Restoration, som for dei fleste har vore ukjende.

Drange har også fått løyst opp knuten i

ei gammal slektsgate om ein grandonkel

som forsvann kring 1900. Det vender

heim att med svar, kanskje nye spørsmål, men ikkje minst sandkorn til nye historieperler.